



INNBYDING TIL SSF KM SPRINT FRITEKNIKK

IL Bjørn ynskjer velkomen til SSF KM Sprint i Leirdalen.

Tid: Laurdag 6. mars kl. 12.00
Stad: Leirdalen (15 km frå Gaupne)
Stil: Friteknikk
TD: Finn Årdal

Rennet inngår i SSF Cup for rekrutt (11-16 år) og junior.

Krinsrenn f.o.m. 23. februar 2021 er kun ope for deltaking for utøvarar i juniorklassane og yngre årsklassar.

Rennavvikling:

Første start kl. 12.00.

Intervallstart prolog, 15 sek.

Etter prolog blir det eit (1) heat (i utgangspunktet A-finale, B-finale, etc. med 6 i kvart heat) utan tidtaking.

Løypekart, startliste og tidsskjema vert lagt ut seinast fredag kveld.

Klassar, løypelengde og startkontingent:

| | | |
|--|------|-----------|
| J/G 7 år og yngre, 8, 9, 10, 11, 12 år | 350m | Kr. 130,- |
| J/G, 13, 14, 15, 16 år | 800m | Kr. 130,- |
| M/K 17, 18, 19/20 år | 800m | Kr. 150,- |

Merk at krinsrenn f.o.m. 23. februar 2021 kun er ope for deltaking for utøvarar i juniorklassane og yngre årsklassar. Jf. gjeldande smitteverntiltak for idretten og skiidretten - sjå [Norges Skiforbund sin koronarettleiar](#).

Påmelding:

Påmelding på www.minidrett.no seinast **torsdag 04.03.2021 kl. 23:59**.

Startkontingenten vert fakturert klubbane i etterkant av rennet.

Støtteapparat og føresette må også melde seg på rennet på førehand gjennom rennpåmelding i Min idrett. Dette grunna avgrensing på maksimalt 200 personar til stades på arrangementet. Meld på i klasse «Støtteapparat og føresette».

Premieutdeling:

Som følgje av situasjonen med Covid-19 vert det ikkje avvikla ordinær premieseremoni. Utøvarane hentar premiane på tilvist plass. 100% premiering.

Premiering frå Sogn og Fjordane Skikrins for KM i høve gjeldande reglement.

Merk at det vil ikkje vere høve til å opphalde seg innandørs i samband med arrangementet utanom bruk av toalett.

Parkering: 50 kr. Betal på vipps nr. 141231 – IL Bjørn skigruppa.



I.L. BJØRN
SKI

Fluor:

Sogn og Fjordane Skikrins oppmodar om at det i alle arrangement i skikrins si terminliste kun skal brukast fluorfrie glidprodukt i sesongen 2020/21; <https://www.skiforbundet.no/sogn-ogfjordane/nyhetsarkiv/2020/12/informasjon-fluorforbod/>

For alle klassar til og med 16 år gjeld Norges Skiforbund sitt forbod mot fluorholdige glidprodukt

Smittevern:

På grunn av den pågåande koronapandemien oppmodar me om maks. 1 føresett pr. løpar på rennet.

Alle som møter på rennet **skal** følgje dei generelle smittevernråda som gjeld i samfunnet:

- Ved symptom på sjukdom skal ein halde seg heime
- Hugs god hand- og hostehygiene
- Hald minst 1 meters avstand
- Alle må registrere seg med bruk av NIF sin qrona-app (<https://qrona.nif.no/login-or-checkin>) når dei kjem til arenaen.

Info fram mot rennet blir lagt ut på [facebooksida til skigruppa](#).

Vel møtt til skirenn i Leirdalen!

Rennleiar Åge Lie

Mobil: 93426411, aalie@online.no